

Retningslinje for val av diplomrettleiar og for rettleiingsavtale.

Val av diplomrettleiar:

Skulen ved lærarråd avgjer kven som skal inviterast til å vere diplomrettleiarar. Diplomkandidatane kan i forkant av dette kome med ynskjer. Vedkomande må vere fagleg kvalifisert, og ha kjennskap til BAS.

I slutten av januar månad vert liste med moglege rettleiarar framlagt, og diplomkandidatane får frist til å skrive seg på, med prioritering 1. og 2.

Denne påmeldinga skjer etter klareringsmøtet med eksamenskommissjonen, der ein skal drøfte opplegget sitt for diplom. Hos eksamenskommissjonen vil ein gjerne få råd om kven ein bør velje som rettleiar basert på prosjektet.

Dersom det er ukjende personar for studentane på lista, så vil skulen freiste å få desse til å presentere seg, helst gjennom ei førelesning. Om ikkje dette let seg organisere, så vert vedkomande presentert skriftleg.

Merk at det vil vere ulikt kor mange kandidatar ein rettleiar kan ha. Her er det ulike faktorar som spelar inn. I regelen bør ingen ha færre enn tre kandidatar, dette for å sikre breiare fagleg deltaking av rettleiar, og sidan det vil vere hensiktsmessig økonomisk for skulen.

Diplomkandidatane må samstundes med påmeldinga levere eit første utkast til prosjektbeskrivelse med sine tankar for diplom.

Etter påmelding er klar, vert lista saman med prosjektbeskrivelse sendt til dei respektive rettleiarane. Rettleiar får så gjere si prioritering utifrå antal kandidatar ein kan ta på seg, og dei ulike prosjekta. Tilbakemeldingsfrist er medio februar.

Dersom ikkje fordelinga går opp etter denne runden, vert det rektor og fagleg diplomkoordinator som gjer den endelege fordelinga. Ei fagleg vurdering vil ligge i botn for denne vurderinga, og det kan vere at nokre kandidatar ikkje får nokon av sine prioriteringar oppfylt. Endeleg deling skal vere klar før 1.mars.

Rettleiingsavtale:

Både diplomkandidatar og rettleiarar skal signere kontrakt for rettleiing.

Studenten skal underskrive ei spesifisert avtale, der rubrikkar med namn på alle rettleiarane skal utfyllast og brukast som referansar ved publisering, offentleg visning, og vidare bruk av diplomarbeidet.

Dette er ei skriftleg form på ein avtale som har forplikta begge partar sidan 1.diplomkull. Dette tilsvarar reglane i arkitektkonkurransar og publisering av vitskaplege arbeid ved universiteta, både nasjonalt og internasjonalt.

Det tilsvarar og reglane ved statseigde høgskular, med ein vesentleg skilnad: arbeida ved BAS er eigd av BAS og BAS-studenten med 50% kvar. (Ved statsskule eig institusjonen arbeidet 100%). Skilnaden grunnar seg på studiefinansieringa, der BAS-studenten betalar ein del sjølv (ca. 20%).

Både rettleiar og student kan be om at rettleiingsavtalen vert oppheva. Student og rettleiar forpliktar seg gjensidig til å underrette den andre parten dersom det oppstår problem med å overhalde avtalen.

Studenten skal, dersom han/ho finn rettleiinga utilfredsstillande, gje skriftleg melding om dette til studieadministrasjonen og eventuelt få oppnemnt ein ny rettleiar etter vurdering av ansvarleg instans.

Dersom rettleiar finn at studenten ikkje på tilfredsstillande måte oppfyller sine forpliktelsar, skal det gjevast skriftleg melding om dette til studieadministrasjonen, som vil formidle dette vidare til rett instans. Det vil så bli vurdert om rettleiingsforholdet skal endrast eller avsluttast.

Dersom forholdet mellom student og rettleiar utviklar seg i strid med dei retningslinjer som er formulert i lærarrådsvedtak av 11.03.04 (sjå under), skal studenten gje skriftleg melding om dette til administrasjonen og eventuelt få oppnemnt ny rettleiar.

Personlege motsetnader mellom student og rettleiar kan i første rekkje takast opp med studieadministrasjonen.

Studenten kan ikkje gjere rettleiar, BAS administrasjon/fagleg leiing ansvarleg for resultatet av si utdanning.

Retningslinjer for forholdet mellom student og rettleiar på diplom. Vedtatt i lærarråd 17.03.04.

1. Lærarrådet ved BAS understrekar betydninga av å sikre gode samarbeidsforhold mellom rettleiar og student, og ynskjer å forhindre at studentar og tilsette vert utsett for seksuell trakassering.

2. Rettleiar og student skal vise respekt for kvarandre sin integritet og ikkje opptre på eit vis som kan virke krenkjande.

3. Det er rettleiar sitt ansvar å syte for den naudsynte profesjonelle distanse i rettleiings- og undervisningssamanheng.

4. Dersom det oppstår eit seksuelt forhold mellom rettleiar og student, skal det formelle rettleiingsforholdet avsluttast.

5. Studenten skal kunne skifte rettleiar når han/ho kjenner seg utsett for uønskja seksuell merksemd.

6. Ved seksuell trakassering/uønskja seksuell merksemd skal studenten kunne vende seg til studieadministrasjonen, som har ein person utnemnt som ombodsperson for sånne problemstillingar for kvart diplomkull.